



# ÅRSMELDING 2022/2023

## STYRET

- Katrine Fjellestad Aske – leiar
- Regine Johansen- nestleiar
- Irene M. Lunde- sekretær
- Elin Leikanger – kasserar
- Helge Aske – styremedlem
- Frode Øyen - styremedlem
- Ståle Austrheim (Trude Eimhjellen overtok) og Siri Nesbakk – varamedlemmar

## MØTER

Vi har hatt 6 møter (3 av dei på Teams) og behandla 40 saker i år. I tillegg har vi handtert saker pr. epost, facebook og telefon.

## REPRESENTASJON (dei viktigaste)

Irene er styremedlem i DNT Sogn og Fjordane

Katrine har representert MNT i Ålfotbreen landskapsvern og Naustdal og Gjengedal landskapsvern i tillegg til referansegruppe til ny kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Gloppen

MNT har vore representert på årsmøte, haustmøte mm i regi DNT Sogn og Fjordane

## SAMARBEID

Eit godt samarbeid gjev resultat. Vi samarbeider sjølvsagt med DNT Sogn og Fjordane, og DNT sentralt.

Andre samarbeidspartar er Landskapsvernet som vi både merkar og utbetrar stiar ilag med, i tillegg til at vi får støtte for utført arbeid i vernet. Vi har og innverknad på kva tiltak som blir utført.

Kommunane hjelper oss med grunneigaravtaler, samarbeid om skilting og merking mm.

Eid Ungdomsskule med Opptur.

Trivselsskogen er eit stort frilufsprosjekt som utfører enormt med dugnadsarbeid til glede for mange.

NVE og SFE med bla skredkveld



## MEDLEMMAR

Medlemsoversikt pr. november 2023:

Antall av Membership Number	Kolonnetiketter						Totalsum	Førre år	Endring
	BERGEN	FAUS KE	GLOPP EN	HAM AR	STAD A	VO LD			
<b>Radetiketter</b>									
<b>Born (0-12år)</b>	2		76		72		150	162	-12
<b>Skule (13-18 år)</b>			62		25		87	90	-3
<b>Ungdom (19-26 år)</b>			63		38		101	111	-10
<b>Hoved (27-66 år)</b>	3	1	310	1	223		538	522	16
<b>Senior (over 67 år)</b>			70		41	1	112	121	-9
<b>(tom)</b>									
<b>Totalsum</b>	5	1	581	1	399	1	988		-18
Førre år			585		410		1006		

Utvikling av tal medlemmar dei siste åra:

Dato	Totalt
01.07.2006	350
05.09.2007	345
13.10.2008	459
05.08.2009	493
12.10.2010	585
19.10.2011	622
15.10.2012	609
30.10.2013	600
01.11.2014	634
25.10.2015	700
01.11.2016	840



Midtre Nordfjord Turlag



01.11.2017	935
01.11.2018	1020
01.11.2019	1080
01.11.2020	1011
01.11.2021	1027
01.11.2022	1006
01.11.2023	988

### T-TUR

Turar for unge og voksne. Vi har 10 turar på Eid, og 10 i Gloppen. Turane ligg på app'en til DNT: Ut.no. Vi har og T-tur for alle i Gloppen, tilrettelagt for dei med utfordringar.

## T-tur Eid 2023

[INFORMASJON](#)

[BILDER](#)

[SJEKKUT-STATISTIKK](#)

Statistikk 10.12.22 til 10.11.23

54

Følgere

414

Besøk totalt

83

Unike personer som har besøkt

13

Personer har besøkt på alle i lista



## T-tur Gloppen 2023 - unge og voksne

INFORMASJON

BILDER

SJEKKUT-STATISTIKK

Statistikk 17.11.22 til 10.11.23

69

Følgere

911

Besøk totalt

167

Unike personer som har  
besøkt

19

Personer har besøkt på  
alle i lista

## T-tur Gloppen 2023 - for alle

INFORMASJON

BILDER

SJEKKUT-STATISTIKK

Statistikk 01.12.22 til 10.11.23

26

Følgere

1525

Besøk totalt


325

Unike personer som har  
besøkt

### TURAR/AKTIVITETAR

Vi har hatt ulike vanskeleghetsgrad og type arrangement dette året og. Vi har hatt både korte og lengre turar, ein med overnatting, vore på breen og hatt kinopremiere. Skredkvelden var i samarbeid med NVE og SFE og blei ein innekveld pga dårleg veir.





Totalt 95 utlån

Turlaget lånar og ut sikringsutstyr, truger, stavar og Via Ferrata-utstyr.

## MNT Ung 2023

I Gloppen blei ein klatrekveld avlyst pga lite påmelde, og vi arrangerte ein padlekveld etter oppfordring frå ungdomskoordinator. Dessverre kom det berre nokre få ungdommar. Skikvelden på Utviken var meir populær.

På turen til Haugabreen og Skredkvelden, var der ungdommar med :-)

Det klart største arrangementet i UNG-samanheng er Opptur. Opptur er ein nasjonal turdag der 8. klassingar over heile landet vert inviterte til ein dag med friluftsliv, fysisk aktivitet og naturopplevingar.

Opptur er ein dag der 8.klassingar vert kjende med friluftsliv og nærområdet. Eid ungdomsskule deltok også i år, med alle 4 klassene. Opplegget var om lag det same som tidlegare, der MNT sponsa buss frå skulen og ut i Hjelmelandsdalen/Harpefossen. Elevane gjekk tilbake over Tippaskaret til Fossane og ned att til skulen. Det var om lag 80 elevar og lærarar som deltok. Dei brukte heile dagen på turen, med fleire pausar. Stemninga var god, både blant elevar og lærarar.

## MNT senior:

Bente Ellingvåg har hatt ei lita pause som turleiar i MNT senior. Vi har utført ein tur for seniorane i år. Det var til veglause grender med båt og



turleiar/historieforteljar Dag Lothe. Turen var fulltegna, og vi kan ha mange fleire turar om vi ynskjer det. Veldig gode tilbakemeldingar.

### Årsmelding Stad gålag 2023:

Vi har også i år hatt 16 turar, ein gong i veka, med unntak av sommarferien. Turane vart stort sett gjennomført den dagen det var oppsett, med unntak av Haugsvarden, som vart utsett to gonger. Til slutt fekk vi til denne turen, i strålende ver.

Mot Anda, ned frå Haugsvarden



Vi har hatt turane på onsdag eller torsdag ettermiddag, med avgang frå Rutebilstasjonen på Nordfjordeid, for samkøyring.

Blåfjell, mot Hornindalsvatnet

Første turen i år gjekk til Hunvik, der vi gjekk skogsveg/sti ned til Hjellvika, vidare forbi Rotvika og bilvegen opp att frå Hunvika. Dette var første veka etter påske.



Årets siste tur gjekk til Grønlikollen, frå Nave. Dette var i midten av september.

Utsikt frå Grønlikollen

Til saman har 215 personar vore på tur denne sesongen, med 66 ulike personar. Det

har vore frå 4 til over 30 stk. med på turane. Mange har vore med på eit fleirtal av turane. Vi har annonsert kvar tur på Stad gålag si Facebook-side, med turrappport etterpå. Stad gålag har no 438 følgjarar på Facebook, per 1. november.



Mange vart med på oppdagingstur til Hunvik



Bjørnevasseten

Vi har hatt mange fantastiske turopplevingar i år og, og håper turdeltakarane stiller på igjen i 2024, med like flott engasjement og humør. Turane vil starte opp att etter påske. Kanskje får vi denne vinteren til ein felles trugetur?

Sunnaldalen, olivin-leiting..



På veg opp frå Skipenes til Dalssætra.

Ned frå Storegga, til Kjenndalen





## Utstyr på Chatlet Sandane pr.23.03.2023

- Sko Damer 1 par str 24, 1 par 25 Atomic (ny)
- Sko Herre 1 par 27, 1 par 29 ,1 par 30      1 par Atomic 29
- Ski med fell 1 par 157 cm 1 par 171 cm 1 par 178 cm
- ----- Atomic 1 par 165cm og 1 par 177 cm
- Skistavar 2 delt 3 par og 3 delt 2 par
- Søkestang 4 stk
- Skredsøkar 4 stk
- Spade 4 stk
- Skihjelm 1 stk str S 3 stk str M og 2 stk str L
- Truger 1 stk 27 dame 1 stk 30
- Stavar 2 par
- Via Ferrata sele 3 stk og hjelm 3 stk

## Oversikt lager Sandane pr. 23.03.2023

- 16    Selar bein
- 7    ----- kropp
- 25    ----- bryst
- 8    Nye hjelmar
- 1    Gamle hjelmar
- 5    Snø anker
- 8    Tau
- 1    Kasse seletau
- 13    Nye stegjarn (par)
- 6    Stegjarn (par)
- 7    Snøskruar
- 20    Carabin krokar
- 10    Via ferrata slynger
- 2    Søkestenger
- 2    Søker
- 3    Spadar
- 1    Satellitt tlf





- 1 Gps
- 13 Nye is økser pluss 3gamle
- 15 Hengekøyer
- 2 Vindsekk
- 2 Tre telt
- 1 Stor kaffikjele
- 3 Hytteskilt DNT
- 1 Kasse Opptur Stad

#### **Lager Eid:**

3 gamle Via Ferrata sett m/hjelm.

1 rød T-tur kasse

2 esker med Opptur Stad bøker

1 Garmin Oregon 600 GPS, som eg trur BT brukar.

Alt det andre ser det ut som tilhører BT. Dei burde kanskje ta ei opptelling på alt sitt der nede.

#### **Naustet Eid**

4 kajaker

1 kano

5 padleårar

2 kanoårar

14 redningsvester

5 svamper

2 lensepumper

2 spruttrekk.

#### **DUGNAD**

Som ein del av rapporteringa til DNT skal vi sende oversikt over dugnadstimar.

Vi har hatt ca. 1 670 dugnadstimar knytt til aktivitet og 870 dugnadstimar er blitt brukt administrativt. I tillegg kjem dugnaden til BT i Gloppen og Eid.

#### **SKILTING/MERKING**

Vi har skilta og merka ein del dei siste åra, i år har vi merka både på Eid og i Gloppen.

#### **TRIVSELSSKOGEN**



Midtre Nordfjord Turlag



Trivselsskogen er nasjonalt pilotprosjekt for nærturar i DNT. Vi har også i år delteke på nokre dugnader, og hatt ulike arrangement her, bla premiare av filmen Fedrelandet med godt oppmøte av publikum (ca 600)

Styret i MNT

---

Katrine Fjellestad Aske - leiar

---

Regine Johansen - nestleiar



## ÅRSMELDING BARNAS TURLAG EID :

Styret i Barnas Turlag Eid har vært sammensatt slik:

Einar Andre Varvik	(2022)
Ida Malen Sørensen	(2019)
Jan Frode Kleppe Haavik	(2019, leder)
Monika Solheim	(2020)
Oda Tørset	(2021)
Reidun Vambeset	(2021)

Vi har arrangert 2 KDU dager , 1 Lommelyktstur ,1 sykkelstur, 1 eventyr i skogen, 1 stubbe konsert og 1 teltovernatting, Itillegg har vi hatt Turbotrim med 10 turer rettet mot barn.





Vi har hatt 3 styremøter , 1 samling for barnas turlag i sogn og fjordane og 1 workshop .

Vi holder kontakt på Messenger og Facebook, og det fungerer greit.

På KDU-dagene er vi alle sammen, i tillegg til noen«innleigde» hjelpere.

Arrangement	Antall deltakere
Kom deg ut dag vinter	29
Kom deg ut dag Høst	12
Sykkeltur	40
Eventyr i skogen	47
Skogensdag	100
Lommelyktstur 2022	69
Teltovernatting	13
Totalt	310

<i>Turbotrim tur</i>	<i>Antall deltakere</i>
<i>ossætra</i>	<i>21</i>
<i>utigard sætra (holmøyane)</i>	<i>16</i>
<i>Sonja hytta</i>	<i>5</i>



<i>Bjørnavatnet</i>	<i>forsvunnet bok</i>
<i>Bjørlo vatnet</i>	
<i>Grøndalen</i>	<i>17</i>
<i>Grillhytta i lindvik dalen</i>	<i>13</i>
<i>Kvanndalsegga/blåfjellet</i>	<i>5</i>
<i>Storeggja</i>	<i>3</i>



*Eid, 10. nov. 2023, Jan Frode Kleppe Haavik (leiar).*

## Årsmelding Barnas Turlag Gloppen 2023



## Styret i Barnas Turlag i Gloppen i 2023

- Ingunn Reikvam Ravnestad
- Nina Helen Oppheim
- Stian Hansen
- Marianne Bakketun Fjellestad (leiar)
- Eirin Bakketun
- Ingrid Wergeland Hansen (slutta på våren)
- Vegard Lilleheil

## Arrangement i 2023

Dato	Stad	Turmål/tema	Oppmøte
Laurdag 4.februar	Kleivane - Gloppestadstøylen	Kom deg ut-dag med ski og leik i snøven	ca 75
Søndag 23. april	Vereide	Sykkel og trafikkreglar	UTSATT PGA DÅRLIG VEIR, og aldri blitt gjennomført
Laurdag 13.mai	TIN-camp	Internasjonalt treff - i samarbeid med Røde Kors, Frivillighetssentralen, 4H, seniordans, bygdekvinnelag, Glopperaddane.	200?
Lardag 17.juni	Traudalen	Fiskefestival, i samarbeid med Sjedu Ungdomslag	150?
Søndag 3.september	Veslevatnet	Kom deg ut dag med fiske, kajakk, bål og aktivitetar	50
Fredag 3. november	TIN-camp	Premieutdeling, refleksløype og fredagskos	ca 40

## Turbotrimmen



Vi fekk inn ca 30 turbotrimkort i år. Dette er rundt halvering frå tidlegare år, og vi er usikre kvifor.

I år har vi ikkje kategorisert turane til ulike årstidene. Vi hengte opp kassene etterkvart som dei blei godt tilgjengelege via trakka skispor eller tørre stiar. Vi annonserte på facebook etterkvart som postane kom opp.

### Vi har hatt ute følgjande trimpostar i 2023:

- Haugsvarden
- Austrheimstøylen
- Eidsstøylen
- Sørsendalsvatna i Kandalen
- Eggenipa
- Aastøylen
- Traudalsnibba
- Daurmålsnibba
- Holvikfossen
- Mardalsstøylen
- Almsstøylen

I år fekk barna kompass til premie. Vi bestilte inn iht innlevert kort tidlegare år. Det betyr at vi har svært mange premiar til overs..! OBS ift om andre kan bruke det.

## Markedsføring

Facebook er ein viktig kanal for marknadsføring, og vi har no 654 følgjarar på sida vår. Vi når mange foreldre via Facebook, og kan linke vidare til nettsida for meir informasjon. Vi har beslutta at vi ikkje lenger henger opp plakatar. Vi har vore aktive på facebook, ved å legge ut info og bilder om turbotrimpostane etterkvart som dei har kome opp, ved å minne om arrangement, etc.

## Økonomi

I år har vi vore delaktige i eit prosjekt som heiter "Friluftsliv for barn og unge Gloppen". Vi har fått 5000 kr for kvar innmeldte aktivitet som vi har gjennomført. I tillegg til dette har vi søkt om midlar til KDU gjennom DNT, men dessverre med manglar til KDU haust - så der fekk vi ikkje midlar.

## Lager

Styret har hatt ei opprydding på lageret. Det blei mange søppelsekkar med skrot. Vi har i større grad prøvd å bruke utstyret flittig, då det gir mange muligheter for leik og moro.





Midtre Nordfjord Turlag



## Styrearbeid

Styret har hatt 3 styremøter i år. Vi har hatt desse hos leiar. Vi kjenner det er viktig å samlast, slik at vi også får det sosiale rundt det. Motivasjonen rundt å drive Barnas Turlag framover har vore litt varierende for styremedlemmane. Det har dog ikkje meldt seg andre som ønsker overta som styremedlemmar. Vi blei derfor enige om at vi reduserer antall aktivitetsdagar i løpet av året, og opprettheld Turbotrimmen. Så er vi oppmerksame på om der er nye foreldre som ønsker ta i eit tak for turlaget, og sender evt pinnen vidare.

Sandane, 11.11.2023

Marianne Bakketun Fjellestad